



venstre **Telemark Venstre Nominasjonsnemnda 2012**

Telemark Venstre si nominasjonsnemnd inviterer alle lag og medlemmer til å koma med framlegg til kandidatar til Venstre si liste til Stortingsvalet 2013.

Frist for å sende inn framlegg er 11. juni 2012.

Framlegg sendast til leiar av nemnda, Ola Vea Gustavsen på e-post olagusta@online.no .
Dersom det vert send pr. brevpost:

Telemark Venstre`s Valnemnd 2012
v/Ola Vea Gustavsen, Erik Werenskioldsveg 6, 3810 Gvarv

Vi ber også om at kvart lag oppgir ein kontaktperson med adresse, e-postadresse og telefonnummer.

Nominasjonsnemnda består av medlemmene som blei valt på årsmøtet:

Ola Vea Gustavsen (ansvarlig for innkalling til nemndas konstituering)

Borgny Sletteemoen Tøfte

Ingemar Grønevet

Jane Nysæter Madsen

Åge Frisak

Solfrid Rui Slettebakken

Hedvig Johanne Nysæter

Arnt Olav Brødsjø

Nemnda vil arbeide etter planen, som de også finn i vedlegget. Framdrifta for nominasjonsarbeidet er stram, og vi håpar difor at lokallaga legg opp møter i høve planen slik at de kan handsame saker i tide til å få sendt dei innanfor fristane.

Eit lokallag kan støtte kandidatar som blir foreslått frå andre kommunar. Vi ber også om at laga spesielt vurderer unge kandidatar.

Nominasjonsnemnda legg følgjande punkt til grunn for nominasjonsarbeidet og føreset at dei som sender inn framlegg til kandidatar, følgjer desse ved å orientere og spørje dei aktuelle kandidatar om dei aksepterer føresetnadene.

· Nominasjonsnemnda må spørje alle dei føreslåtte kandidatane om dei er villig til la seg nominere på den føreslåtte plassen.


- Nominasjonsnemnda må spørje dei føreslåtte kandidatane om dei reserverer seg mot Venstre sin vedtekne politikk.
- Nominasjonsnemnda må spørje tidlegare valde representantar om dei stiller til val på ny.
- Nominasjonsnemnda kan ikkje føreslå som kandidat ein som er medlem i nominasjonsnemnda med mindre vedkomande trekkjer seg frå nemnda straks forslaget blir fremja anten av komiteen eller av andre. Dersom vedkomande ikkje ønskjer å trekke seg, skal forslaget avvist.
- Nominasjonsnemnda blir stilt fritt i sitt arbeid med å vurdere aktuelle kandidatar til vallista, men ho er forplikta til å innhente naudsynt informasjon frå kandidatane og kan eventuelt innhente informasjon frå andre kjelder.
- Kandidatar som blir føreslått til topplasseringar på listene må å ha akseptert dette på førehand.
- Kandidatane må vere innstilt på å sette av tilstrekkeleg tid til naudsynt skulering og aktiv innsats i valkampen. Dette gjeld spesielt for dei øvste kandidatane.
- Kandidatane må stå inne for partiet sitt prinsippprogram og i all hovudsak vere einig i partiet sin politikk. Venstre har ingen krav om at kandidatane må vere medlem i partiet. Det er lov å tenke nytt, utradisjonelt og å vere kreativ i nominasjonsprosessen når det gjeld å føreslå personar som pr. i dag ikkje er aktive i partiet.

Vi håpar at alle sender inn svar til nemnda innan fristen og vi ser fram til å kunne leggje fram ei god liste i god tid før nominasjonsmøtet som vert onsdag 26. september 2012

Lukke til med arbeidet!

Det er oppretta eigen Facebookprofil for Telemark Venstres valnemnd med denne adressa:
<https://www.facebook.com/groups/117049871763537/>

Med venleg helsing



Ola Veå Gustavsen

Telemark Venstre - Nominasjonsnemnda 2012